



# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	1/17
Møtedato:	14.2.2017
Tid:	Kl. 13.00 – kl. 15.45
Møtestad:	Formannskapssalen, Vestnes kommunehus
Sak nr:	01/17 – 08/16
Møteleiar:	Stig Holmstrøm, leiar (A)
Møtande medlemmer:	Gro Ødegård, nestleiar (H) Dagfinn Wiik (Pp) Frank Ove Belsvik (Frp) Birgit Torkildson Grotle (Ap)
Ikkje møtt:	Ingen
Møtande vara:	Ingen
Frå sekretariatet:	Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen:	Anne Oterhals, oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Einar Andersen, forvaltningsrevisor
Av øvrige møtte:	Rune Håset, ass. adm.sjef (under OS 06/17 og 07/17) Anna Balstad, einingsleiar (under OS 06/17 og 07/17) Tone Roaldsnes, adm.sjef (under OS 06/17 og 07/17) Geir Inge Lien, ordførar (under OS 06/17 og 07/17)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Orienteringane frå administrasjonen vart halde først i møtet.

Det framkom ingen merknader til innkalling og sakliste.  
Innkalling og sakliste vart godkjent.

### TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 01/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16. NOVEMBER 2016
PS 02/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 03/17	BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT
PS 04/17	REVISJONEN SIN RAPPORT TIL KONTROLLUTVALET FOR 2. HALVÅR 2016
PS 05/17	KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2016
PS 06/17	MØTEPLAN FOR 2017
PS 07/17	OPPFØLGINGSLISTE
PS 08/17	EVENTUELT

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Protokollen frå møte 16. november 2016 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Gro Ødegård
2. Frank Ove Belsvik

**Kontrollutvalet si handsaming**

Gro Ødegård og Frank Ove Belsvik vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

**Kontrollutvalet si handsaming****Referatsaker:**

- RS 01/17      **Avvikling av kommunerevisjonsdistrikt 2** – vedtak i Vestnes kommunestyre 24.11.2016, sak 111/2016.
- RS 02/17      **Kommuneplanens handlingsdel med økonomiplan 2017-2020** – Vedtak i Vestnes kommunestyre 24.11.2016, sak 110/2016.
- RS 03/17      **Delegeringsreglement for Vestnes kommune 2016-2019** – vedtak i Vestnes kommunestyre 27.10.2016, sak 101/2016.
- RS 04/17      **Reglement for kommunale organ i Vestnes kommune** – vedtak i Vestnes kommunestyre 27.10.2016, sak 100/2016.
- RS 05/17      **Referat fra konstituerende representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS**, 14.11.2016.
- RS 06/17      **Referat fra representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS**, 10.1.2017.
- RS 07/17      **Budsjett 2017 for revisjon – pensjonsforpliktelser til tidligere ansatte**, brev datert 31.1.2017 frå Kommunerevisjonsdistrikt 2 til eigarkommunane.
- RS 08/17      **Protokoll frå møte i styret for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal** 30.11.2016.
- RS 09/17      **Innkallingar til møte i generalforsamling – kommunelova § 80**, e-post datert 22.11.2016 frå administrasjonssjef i Vestnes kommune til kommunen sine heileigde aksjeselskap.

RS 10/17 **Svar på oppdrag om å vurdere virkemidler for å fremme økt utsortering av våtorganisk avfall og plastavfall**, e-post datert 27.1.2017 frå ÅRIM til eigarkommunane.

**Orienteringssaker:**

OS 01/17 **Endring i forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning-kortsiktige lån** – brev frå Kommunal og moderniseringsdepartementet til kommunane datert 15.11.2016.  
Sekretær viser til at det no vert forskriftsfesta at i rapporteringa frå administrasjonen til kommunestyret skal opplystast om verdien av lån som forfell, og som må refinansierast innan 12 månadar.

OS 02/17 **Informasjonsskriv 1/2016 – Valgt revisors ansvar for revisjonsoppgaver utført av andre**, skriv til NKRF sine medlemmar frå NKRF sin Forvaltningsrevisjonskomité, datert 8.12.2016.

Sekretær informerer om at dette er ei aktuell problemstilling dersom kontrollutvalet vel eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som Møre og Romsdal Revisjon IKS ikkje har kompetanse til å gjennomføre, eller dersom revisjonsselskapet ikkje har kapasitet t.d. ved vakansar. Ved slike høver kan revisjonen måtte kjøpe tenester hos andre, og dette skrivet regulere då revisjonen sitt ansvar for at revisjonsstandardane vert haldt.

OS 03/17 **Informasjonsskriv 7/2016 – Revisors vurderinger av vesentlighet med vekt på planleggingsfasen ved revisjon av regnskaper i kommunal sektor**, skriv til NKRF sine medlemmar frå NKRF sin Revisjonskomité, datert 15.11.2016.

Skrivet er laga av revisorar til revisorar og er difor noko vanskeleg tilgjengeleg for utvalet. Sekretær understrekar at skrivet også tek opp at det kan vere viktig for forståinga av revisor sitt arbeid med revisjon av kommunerekneskaper, at konseptet knytt til vesentlegheit vert kommunisert med kontrollutvalet.  
Sekretær viste også til at kontrollutvalet i haust under orientering om revisjonsplan for revisjonsåret 2016, hadde stilt spørsmål knytt til vesentlegvurdering.

OS 04/17 **Forbundsbasert kvalitetskontroll vedr. Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal – 2016**

Orienteringa var unntatt offentleg jf. offentleglova § 13 og forvaltningslova § 13, 1.ledd nr. 2. Då dette er eit bedriftsinternt dokument. Møtet vart lukka under denne orienteringa. Dei som var tilstades var utvalsmedlemmene, sekretær og revisjonen.

Kopi av rapport frå NKRF sin kvalitetskontrollkomite - forbundsbasert kvalitetskontroll utført 2016, samt Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal sine kommentarar til kontrollen, vart innleingsvis delt ut til medlemmene.

Forvaltningsrevisor Einar Andersen orienterte utvalet og svarte på spørsmål.

Møtet vart opna att, etter denne orienteringssaka.

OS 05/17 **Presentasjon av Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal si nettside [www.kontrollutvalgromsdal.no](http://www.kontrollutvalgromsdal.no)**

Denne orientering vart utsett til neste møte

OS 06/17 **Internkontroll i Vestnes kommune**

Ass.adm.sjef Rune Håseth orienterte og viste bruk av systemet til utvalet. I systemet (Risk Manager) skal det leggest inn overordna styringssystem, rutinar og sjekklister.

Alle tilsette skal ha fått tilgang til systemet og det skal nyttast til å melde avvik.

Håseth viste utvalet korleis avvikmelding kan meldast i systemet. Avvik er ikkje personidentifiserbare. Når det gjeld avvik knytt til pasientar, så skal slike avvik også meldast i pasientsjournalsystemet (Cos Dok). Dette fører til dobbeltføring for dei tilsette, noko som er uheldig. Så langt er det ikkje mogeleg å synkronisere mellom desse systema, noko som kunne gjort at ein kunne sleppe med ei registrering av avviket.

I systemet ligg det høve til å ta ut rapportar på mange ulike faktorar. Håseth seier at rapportgeneratoren er eit nyttig verktøy. På spørsmål, stadfestar einingsleiar i Bu- og habiliteringstenesta Anna Balstad, at det kan vere ei utfordring for dei tilsette å måtte vente på ledig PC for å kunne skrive avviksmelding.

Håseth seier at alle på leiarnivå har fått opplæring i bruk av avviksmodulen, men alle leiarane har ikkje hatt opplæring i modul for risikovurdering som systemet også inneheld.

Det er brukt ein del tid på opplæring i bruk av avviksmodulen. Det må også arbeidast med å få ei felles forståing for korleis ein definerer eit avvik, seier Håseth.

Systemet er bygd opp slik at det er næraste leiar som har ansvar for å lukke avvik som er meldt. Dersom fristen som er sett i systemet for å lukke avviket er gått ut, så går avviket oppover i systemet til neste leiarnivå.

Ass.adm.sjef Rune Håseth seier at det har tatt seg opp med bruk av avviksmeldingar, men at nokre einingar sender fleire avviksmeldingar enn andre.

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes trur at det først er når systemet er fylt med rutinar, at det vert interessant å nytt systemet for dei tilsette. For det er frå rutinane at de skal meldast avvik.

Utvalet merka seg at dei fleste rutinar og dokument i skjemabanken som vart vist i orienteringa, var nyleg lagt inn i systemet.

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes, ass.adm.sjef Rune Håseth og einingsleiar Anna Balstad svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

OS 07/17

### **Tilsyn med internkontroll for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma**

Einingsleiar for Bu- og habiliteringstenestene, Anna Balstad, orienterte utvalet. Balstad seier at dei sidan 31.10.2016 har venta på svar frå fylkesmannen på om den nye informasjonen som då var sendt inn, er tilstrekkeleg for at fylkesmannen vil lukke tilsynet. Administrasjonssjef Tone Roaldsnes uttrykker frustrasjon over at det tek så lang tid for fylkesmannen å gje tilbakemelding til kommunen.

Tilsynet vart gjennomført i 2011, og kommunen har sidan då lagt ned mykje arbeid med å få dette på plass.

Tilsynet var heimla i helse og omsorgstenestelova kap. 9, og det avdekka tre avvik:

1. **Kommunen sikra ikkje at tenestene var i samsvar med lovkrava.** Det vil seie at tenestevedtaka var gamle og ikkje oppdaterte i forhold til nye lovkrav. Det vart etter tilsynet satt i gang med gjennomgang av 80 vedtak. Det innebar både kartlegging og beskriving av behovet til den enkelte.

Kommunen fekk ved tilbakemelding frå fylkesmannen i 2016 melding om at stikkprøvar hadde vist at vedtaka framleis var av ulik kvalitet, m.a. manglar ved konkret tenestebeskriving, og involvering av tenestemottakar.

2. **Det vart avdekt tiltak som innebar bruk av ulovleg tvang og makt.**

Dette vil seie at det mangla nokre tvangsvedtak. Balstad seier at dei ved tilsynet var klar over at dei ville få avvik på dette. Dei tilsette hadde ikkje hatt kapasitet til å få fatte alle vedtaka, noko som skuldast omorganisering og for lite bemanning i leinga over lengre tidsrom. Det vart sett i gang tiltak for å bøte på dette. M.a. vart det tilsett miljøterapeutar og gjennomført opplæring av desse. Kommunen arbeider enno med å få miljøterapeutane til å føle seg trygge/kompetente i rolla. På det tidspunktet tilsynet vart gjennomført mangla det også elektronisk pasientjournalsystem ute i bustadane.

3. **Tenesteytarane fekk ikkje tilstrekkeleg opplæring i bruk av makt og tvang.**

Sidan tilsynet, er det arbeidd kontinuerleg med systematisk opplæring av alle tilsette opp mot lovverket.

Anna Balstad seier at det no er laga opplæringsloggar der alle tilsette må gjennomgå systematisk opplæring. Det vert sett vilkår for å bli tilsett att ein har gjennomført 2 e-læringskurs. Det vert gjennomført systematisk opplæring av alle ferievikarar. Det vert gjennomført opplæring for helgevikarar to gonger pr. år. Dei tilsette får også jamleg opplæring og rettleiing frå habiliteringstenesta i helseforetaket. Balstad opplyser også at det er også er laga eit rundskriv om bruk av makt og tvang som alle tilsette må gjere seg kjent med og signere på at dei er kjent med.

Kommunen skal alltid vurdere andre tiltak enn bruk av makt og tvang. Habiliteringstenesta er først inne å vurderer om det er andre tiltak som kan nyttast. Vedtaka som blir fatta blir som oftast gjort for 3, 6, eller 12 mnd. Speialisthelsetenesta bistår ved utforming av vedtaka. Dei tilsette skal kvar dag dokumentere kva som er gjort, og denne dokumentasjonen blir gjennomgått før fornying av vedtak.

Kompetanse er ei utfordring som det har vore arbeidd mykje med. Det er kompetansekrav knytt til kven som kan gjere vedtak om bruk av tvang og makt. Balstad opplyser at slike vedtak vert delt inn i 3 kategoriar:

-A-melding – Skadeavvergende tiltak i nødsituasjonar- Kan fattast av tenesteytar, og skal nedteiknast straks etter att tiltaket er gjennomført og sendast til fagleg ansvarleg, fylkesmann, verje og pårørande.

-B-vedtak – Planlagt skadeavvergende tiltak i gjentatte nødsituasjonar - Fattast av einingsleiar.

-C-vedtak - Tiltak for å dekke behov for mat, drikke, søvn, kvile, hygiene og personleg tryggleik – Fattast av einingsleiar.

Ved gjennomføring av B- og C-vedtak, så skal det alltid være 2 tenesteytarar tilstades, dersom det ikkje er til u-gunst for tenestemottakar. Ved gjennomføring av B-vedtak skal minst ein tilsett ha høgskule utdanning.

Ved gjennomføring av C-vedtak skal minst ein tilsett ha helsefagutdanning på vidaregåande skule nivå.

Det har vore ei utfordring å rekruttere tilstrekkeleg personale med høgskulekompetanse. Tiltak som er set i verk for å bøte på dette:

- Direkte kontakt med Høgskolen i Molde, vernepleieutdanning
- Tilsette har deltatt på desentralisert vernepleie utdanning

- Gjennomføring av helsefagutdanning for egne tilsette
- Som rekrutteringstiltak har blitt gitt lønn som ved full ansiennitet for nytilsette
- 2 i staben tek leiarutdanning
- 2 i staben tek studie i saksbehandling og tenesteyting i kommunale helse- og omsorgstenester.

Fylkesmannen har også vært opptatt av bruk av avvikssystem.

I 2014 vart det installert CosDoc (pasientjournalssystem) i alle bustader, og i januar 2015 vart det gjennomført opplæring i bruk av systemet for alle tilsette.

I april 2016 vart det gjennomført opplæring i bruk av Risk Manager og alle tilsette har fått brukarnamn og passord. Det er to tilsette i kvar bustad som har fått opplæring, og som skal ha ansvar for å lære opp dei andre i bustaden.

Balstad seier at det er mange som vegrar seg for bruk av data.

Kvar bustad har prosedyre for handtering av avvik

Avvik vert handtert slik at det er næraste leiar som tek i mot avviket. Denne leiaren tek med avviket til neste personalmøte, og så vert det saman drøfta tiltak for å lukke avviket.

Staben går også gjennom avvika i møte 1. gang pr. mnd.

Dei tilsett som ikkje kan vere tilstades på personalmøte signerer på at dei har lese referat frå møtet.

Både einingsleiar Anna Balstad og administrasjonssjef Tone Roaldsnes understrekar at det er ei utfordring at det vert kravd svært mykje dokumentasjon. Balstad seie at miljøterapeutane må få meir frikjøpt tid til dette arbeidet.

Sjølv om det er viktig å sikre bebuarane sine rettar, så uttrykker kontrollutvalet uro for at all arbeid med dokumentasjon kan gå ut over dei tilsette si tid med bebuarane.

Einingsleiar Anna Balstad og administrasjonssjef Tone Roaldsnes svarte på spørsmål undervegs i orienteringa.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

<b>PS 03/17</b>	<b>BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT</b>
-----------------	--

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt:  
Helsestasjon- og skulehelsetenester i Vestnes kommune
2. Undersøkinga skal ta utgangspunkt i problemstillingar som er skissert i saksframlegg og møteprotokoll.
3. Prosjektet vert bestilt utført hos Møre og Romsdal Revisjon IKS.
4. Prosjektplan vert utarbeidd og lagt fram for kontrollutvalet

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Kontrollutvalet hadde ei grundig drøfting av fleire aktuelle prosjekt. Dei prosjekta som vart mest aktuelle var Kvalitetssystem, internkontroll og avvikshandtering og Helsestasjon- og skulehelsetenesta, men utvalet fall til slutt ned på denne avgjerda;

1. Kontrollutvalet bestiller følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt:  
**Helsestasjon- og skulehelsetenester i Vestnes kommune**

I saksframlegget er det trekt fram at aktuelle problemstillingar for eit slikt prosjekt kan vere:

- Tilbyr Vestnes kommune helsestasjonstenester og skulehelsetenester i samsvar med Helsedirektoratet sine nasjonale faglege retningslinjer:
  - a) vert undersøkingsprogrammet følgt?
  - b) er skulehelsetenesta eit lågterskeltilbod?
  - c) bemanning og kompetanse
  - d) får brukarane informasjon på eit språk dei forstår?
  - e) samarbeid med andre instansar

Under diskusjonen i møtet kom det fram at bruk av ressursar til tenesta også kan være aktuelt å sjå nærare på, særleg i lys av den styrking av skulehelsetenesta som dei siste åra har blitt gjort over statsbudsjettet. Kva rolle helsestasjonane og skulehelsetenesta har i forhold til førebygging, var også peika på i diskusjonen. Utvalsmedemmenene trekte fram at dei var særleg interessert i om helsestasjonstenesta og skulehelsetenesta er eit lågterskeltilbod.

I lys av at kontrollutvalet også sterkt vurderte å velje eit prosjekt knytt til kvalitetssystem, internkontroll og avvikshandtering, så understrekar forvaltningsrevisor Einar Andersen at sjølv om kontrollutvalet vel eit anna prosjekt, så vil revisjonen naturleg også undersøke internkontrollrutinar knytt til eit slikt prosjekt.

Revisjonen vil kome tilbake med ei konkretisering av problemstillingar til kontrollutvalet i prosjektplanen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande).

### **Sekretariatet si tilråding**

1. Kontrollutvalet bestiller følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt:  
.....
2. Undersøkinga skal ta utgangspunkt i problemstillingar som er skissert i saksframlegg og møteprotokoll.
3. Prosjektet vert bestilt utført hos Møre og Romsdal Revisjon IKS.
4. Prosjektplan vert utarbeidd og lagt fram for kontrollutvalet

<b>PS 04/17</b>	<b>REVISJONEN SIN RAPPORT TIL KONTROLLUTVALET FOR 2. HALVÅR 2016</b>
-----------------	--

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tek revisjonen sin rapport til kontrollutvalet for 2. halvår 2016 til orientering.

Kontrollutvalet ber om at revisjonen ved neste halvårsrapport rapporterer status frå revisjonen på utpeika revisjons- og risikoområder i revisjonsplanen.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Sekretær orienterte om bakgrunnen for tilrådinga om ei grundigare rapportering enn det som har vore gjort tidlegare, særskilt når det gjeld rekneskapsrevisjon. Dette for at kontrollutvalet skal få betre innsikt i revisjonen sitt arbeid og kva som vert avdekt. Dette gjev kontrollutvalet eit betre grunnlag for vurdering av kontrollhandlingar.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Anne Oterhals seier at revisjonen tek med seg innspelet tilbake til selskapet. Rekneskapsrevisor understrekar at revisjonsarbeidet er eit kontinuerleg arbeid, og at dei ikkje har avdekkja vesentlege feil i arbeidet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

<b>PS 05/17</b>	<b>KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2016</b>
-----------------	---

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet vedtek årsmelding for 2016. Saka vert lagt fram for kommunestyret med følgjande innstilling:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2016 vert teke til orientering.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Utvalet hadde ingen merknader til sekretariatet sitt utkast til årsmelding.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande).

<b>PS 06/17</b>	<b>MØTEPLAN FOR 2017</b>
-----------------	--------------------------

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Følgjande møteplan for 2017 vert godkjend:

<b>Uke</b>	<b>Dato</b>	<b>Møte nr</b>	<b>Saker til behandling</b>
7	14.02.	1/17	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt</li><li>▪ Revisjonen sin rapport til kontrollutvalet for 2. halvår 2016</li><li>▪ Kontrollutvalet si årsmelding for 2016</li><li>▪ Møteplan for 2017</li></ul>
18	02.05	2/17	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2016 for Vestnes kommune</li><li>▪ Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt</li><li>▪ Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport</li><li>▪ Økonomirapport 1. kvartal 2017</li></ul>
24	12.06.	3/17	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Verksemdsbesøk / alt. orientering frå einingsleiar?</li></ul>
40	02.10.	4/17	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Økonomirapport for 2. kvartal 2017</li><li>▪ Revisjonsplan for revisjonsåret 2017</li><li>▪ Revisjonen sin rapport til kontrollutvalet for 1. halvår 2017</li><li>▪ Budsjett for kontroll og tilsyn for 2018</li></ul>
46	22.11.	5/17	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Økonomirapport for 3. kvartal 2017</li><li>▪ Forvaltningsrevisjonsprosjekt</li></ul>

Kontrollutvalets leiar i samråd med sekretariatet vert gjeve fullmakt til å foreta endringar av møtedatoar dersom det vert naudsynt.



## Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 07/17	OPPFØLGINGSLISTE
----------	------------------

### Kontrollutvalet sitt vedtak

Følgjande saker vert ført opp på oppfølgingslista:

#### **Internkontroll i Vestnes kommune**

Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet fekk ei orientering i møte 10.12.2013 om det nye internkontrollsystemet. Kontrollutvalet ønskjer å få ein ny rapport om bruken av internkontrollsystemet Risk Manager om eit år. Kommunalsjef Rune Håseth informerte i møte 03.12.14 om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Frank Skorgenes har nyleg blitt systemansvarleg for internkontroll systemet og HMS. Ein startar no med innføring av Risk Manager. Ein føresetnad for å ta i bruk dette er at alle tilsette har same type e-postadresse, det vert no samkjørt. Det er ikkje avklart kva dokument som skal ligge i dette systemet eller kva som skal definerast som eit avvik. Alle driftsleiarane må få ny opplæring.

**14.02.17:** Ass.adm.sjef Rune Håseth orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 06/17.

Utvalet ønskjer ein ny statusrapport i KU-møte 22.11.17.

#### **Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune»**

Kontrollutvalet vedtok i møte 13.12.13 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune». Prosjektplanen vart handsama i møte 08.09.14 sak 26/14. Rapporten vart lagt fram møte 24.06.15 sak PS 18/15.

**14.02.17:** Adm.sjefen har informert revisjonen om at dei treng meir tid for å svare ut alle anbefalingane. KU vil få sak om oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet i neste møte.

#### **Oppfølging av A-feil etter tilstandsvurdering av alle leikeplassar**

Kontrollutvalet forventar at kommunen har rutinar på straks å fjerne/utbetre leikeapparat med A-feil. Kontrollutvalet har fått orientering om oppfølging av tilstandsrapporten, samt orientering om ansvaret til kommunen knytt til andre leikeapparat i kommunen t.d. i regi av velforeiningar.

**14.02.17:** KU fekk liste over feil etter siste tilstandsvurdering vedlagt sakspira til dagens møte jf. sak 07/17. Kontrollutvalet vel å avslutte oppfølging av denne saka.

#### **Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma**

Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennom-førte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventa å få lukka avvika i løpet av våren 2016.

**14.02.17:** Einingsleiar for Bu- og habiliteringstenestene, Anna Balstad, orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 07/17. KU ønskjer å følgje saka til fylkesmannen har gjort vedtak om å lukke tilsynet.

## Kontrollutvalet si handsaming

Leiar gjekk i gjennom dei sakene som var foreslått til oppfølgingslista i saksframlegget.

Til dette møtet var det lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til følgjande saker på oppfølgingslista:

- **Internkontroll i Vestnes kommune**
- **Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma**

Det vart ikkje fremja forslag om å føre opp ytterlegare saker på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

## Sekretariatet si tilråding

Følgjande saker vert satt opp på oppfølgingslista: .....

PS 08/17	EVENTUELT
----------	-----------

## Referat fra NKRF sin kontrollutvalgskonferanse

Deltakarane på konferansen gav utvalet eit fyldig referat.

Utvalsmedlemmene fekk utdelt ei oversikt over aktuelle spørsmål og problemstillingar som det kan være aktuelt for kontrollutvalet å sjå nærare på, knytt til tema frå konferansen. Notatet var utarbeidd av Sveinung Talberg frå Kontrollutvalssekretariatet for Romsdal.

## Invitasjon til rekneskapskurs – Korleis lese og forstå kommunalt rekneskap?

Fylkeskommunen arrangerer kurs for kontrollutval 2. mars 2017

### Konklusjon

Utvalsmedlem Dagfinn Wiik deltek på rekneskapskurset.

## Deltaking på Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) sin fagkonferanse og årsmøte 2017 i Tromsø 7. og 8. juni

### Konklusjon

Kontrollutvalet sin leiar Stig Holmstrøm og utvalsmedlem Dagfinn Wiik deltek på FKT sin fagkonferanse og årsmøte 2017.

Stig Holmstrøm  
leiar

Gro Ødegård  
nestleiar

Dagfinn Wiik

Frank Ove Belsvik

Birgit Torkildson Grotle

Jane Anita Aspen  
sekretær